

Instruks for barneopplegget under søndagssamlingane på Skilbrei.

Alle skal møte til felles start i møtesalen. Etterkvart vert ungane sendt opp i peise-stova. Der skal den som har ansvar for barneopplegget ha ein kort andakt tilpassa borna. Syng gjerne ein song eller to. (Vi har cd-spelar på huset..)

Etter samlinga, skal det planleggast ein eller annan aktivitet.

Viktige ting å passe på:

- Møt i god tid og planlegg samlinga på førehand saman med medleiar. Utstyret skal vere på plass før møtestart. *Tips! Det ligg ein del formingsutstyr i skapet på loftet...*) Elles kan ungane sjølvsgt bruke fotballspel, air-hockey, biljard osv. Men det er viktig å behandle utstyret fint, slik at det varer lenge...
- Pass på at barna handsamar utstyret fint.
- Pass på at barna held seg på loftet under møtet og ikkje spring rundt i heile huset, då dette kan uroe ein del. Dersom det er fint ver, kan barna sjølvsgt leike ute.
- Rydd opp etterpå! Her kan gjerne barna hjelpe til, og det er lov å spørje andre i møtelyden om hjelp dersom dette er krevjande.